

Eksamen

07.06.2017

TLF3102 Trelastfaget

Nynorsk

Eksamensinformasjon

| | |
|----------------------------------|---|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 5 timar. |
| Hjelpemiddel | <p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p> <p>Ved bruk av nettbaserte hjelpemiddel til eksamen er det viktig å kontrollere at kandidatane ikkje kan kommunisere med andre (dvs. samskriving, chat, alle moglegheiter for å utveksle informasjon med andre) under eksamen.</p> |
| Informasjon om oppgåva | Dersom du meiner at det manglar opplysningar for å løyse eksamensoppgåva, eller at det er feil ved oppgåva, skal du sjølv velje og beskrive dine eigne føresetnader og eventuelt kva feila består i. Sensor skal ta omsyn til dette ved vurderinga og fastsetjinga av karakteren. |
| Informasjon om vurderinga | Jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-52, 3-53, 3-54 og 3-55: "Eksamen skal prøve i kva grad den einskilte praksiskandidaten/lærlingen har nådd kompetansemåla som er fastsette i den læreplanen (Vg3) for opplæring i bedrift som praksiskandidaten/lærlingen tek sikte på å ta fag- eller sveineprøve/har teikna lærekontrakt i." |

Situasjonsbeskriving

Du er tilsett som produksjonsmedarbeidar ved eit sagbruk med høvleri.

Oppgåve

Du skal velje eitt av produkta til bedrifta. Ver konkret (eksempel: 12 x 70 mm profilert list eller 48 x 198 mm justert konstruksjonsvirke eller liknande).

- a) Beskriv produksjonsgangen for det valde produktet, frå råvare til ferdig produkt. Lag ei skjematisk oppstilling over bearbeidingsmaskinene produktet går igjennom i produksjonen, og i kva rekkjefølgje dei blir brukte.
- b) Beskriv produktkrava til produktet du valde.
- c) Beskriv korleis du kvalitetssorterer råstoff og ferdigprodukt i ulike fasar i produksjonsprosessen på produktet du har valt.
- d) Beskriv korleis du vurderer behovet for vedlikehald av skjerande verktøy i produksjonen av det valde produktet.
- e) Beskriv korleis vil du ta vare på HMS (helse, miljø og sikkerheit) i produksjonen.

Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|-----------------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 5 timer. |
| Hjelpemidler | <p>Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.</p> <p>Ved bruk av nettbaserte hjelpemidler til eksamen er det viktig å kontrollere at kandidatene ikke kan kommunisere med andre (dvs. samskriving, chat, alle muligheter for å utveksle informasjon med andre) under eksamen.</p> |
| Informasjon om oppgaven | Dersom du mener at det mangler opplysninger for å løse eksamensoppgaven, eller at det er feil ved den, skal du selv velge og beskrive dine egne forutsetninger og eventuelt hva feilene består i. Sensor skal ta hensyn til dette ved vurderingen og fastsettingen av karakteren. |
| Informasjon om vurderingen | Jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-52, 3-53, 3-54 og 3-55: "Eksamen skal prøve i kva grad den einstilte praksiskandidaten/lærlingen har nådd kompetansemåla som er fastsette i den læreplanen (Vg3) for opplæring i bedrift som praksiskandidaten/lærlingen tek sikte på å ta fag- eller sveineprøve/har teikna lærekontrakt i." |

Situasjonsbeskrivelse

Du er ansatt som produksjonsmedarbeider ved et sagbruk med høvleri.

Oppgave

Du skal velge ett av bedriftens produkter. Vær konkret (eksempel: 12 x 70 mm profilert list eller 48 x 198 mm justert konstruksjonsvirke eller lignende).

- a) Beskriv produksjonsgangen for det valgte produktet, fra råvare til ferdig produkt. Lag en skjematisk oppstilling over bearbeidingsmaskinene produktet går igjennom i produksjonen, og i hvilken rekkefølge de blir brukt.
- b) Beskriv produktkravene til produktet du valgte.
- c) Beskriv hvordan du kvalitetssorterer råstoff og ferdigprodukt i ulike faser i produksjonsprosessen på produktet du har valgt.
- d) Beskriv hvordan du vurderer behovet for vedlikehold av skjærende verktøy i produksjonen av det valgte produktet.
- e) Beskriv hvordan vil du ta vare på HMS (helse, miljø og sikkerhet) i produksjonen.



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no